


# VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN


Iht. plan- og bygningslova § 12-1 og § 12-8 varslast det om at det er igangsett arbeid med reguleringsplan for utbetring av farleia ved Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua i Ålesund kommune.



Kystverket er forslagsstiller og Multiconsult er plankonsulent. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for å utdype grunner langs farleia slik at båtar kan ferdast med større sikkerheit. Planarbeida er ein del av fleire nødvendige detaljreguleringar langs farleia, frå Røyrasundet i sør til Ålesund i nord.

Reguleringsplanane er tenkt utført med heimel i pbl. § 3-7. Overføring av planførebuing til statleg eller regional myndighet. Dette inneberer at Kystverket, i samråd med planmyndigheita, kan fremje forslag til arealplan og vedta å legge planane ut til offentleg ettersyn.

Massane frå utbetringa er planlagt lagt i deponi. Kystverket ønskjer å planlegge for sjødeponi samtidig som at moglege deponi på land vurderast.



Det vert lagt opp til at planane kan behandlast våren/sommaren 2022, medan oppstart av arbeid med utdjuping er planlagt i 2024.

Meir informasjon kan ein finne på multiconsult.no, kystverket.no og kommunane sine heimesider.

Offentlege mynde, interessantar, og grunneigarar, innan 500 m frå planområdet i sjøen, blir varsle direkte. Det er bestemt i oppstartsmøte at tiltaka i planen fell inn i krav for konsekvensutgreiing, men at det ikkje er behov for planprogram

**Eventuelle kommentarar/ merknader til det igangsette planarbeidet sendast skriftleg til:**

Multiconsult v/Sevrin Gjerde, e-post sevrin.gjerde@multiconsult.no innan 16.11.2021.

Det vil haldast eit informasjonsmøte den 20. oktober kl 18-20 på den digitale plattforma Teams. QR-kode i annonsa kan nyttast for å delta.

